



Arkivsak

26/02816-1

Saksbehandler

Thorild L. Osdalen

Saksgang

Fylkeskommunalt eldreråd

Fylkeskommunalt råd for personar med

funksjonsnedsetjing

Telemark ungdomsråd

Hovudutval for kultur, reiseliv og

frivilligheit

Møtedato

19.05.2026

20.05.2026

22.05.2026

27.05.2026

Forslag til fordeling av spelemidler til kulturarenaer 2026

Innstilling frå fylkesdirektøren

1. Hovudutval for kultur, reiseliv og frivilligheit vedtek fordeling av spelemidler til kulturarenaer 2026 i samsvar med forslag i alternativ A, vedlegg 1.
2. Administrasjonen ber om fullmakt til å justerer tildelinga, i tråd med vedtatt tildelingsalternativ, når årets ramme frå departementet blir kjend.

Bakgrunn og saksgang

Ordninga *Desentralisert ordning for tilskot til kulturbygg* er heimla i lov om pengespel med vidare av 28.08.1992 nummer 103. Ved handsaminga av stortingsmelding nummer 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* slutta Stortinget seg til framlegget om ei ny desentralisert ordning for tilskot til kulturarenaer.

Detaljfordelinga av spelemidlane er delegert frå Kulturdepartementet til fylkeskommunane. Departementet fastset retningsliner og vilkår for ordninga. I tillegg vedtek den einskilde fylkeskommunen eigne vilkår og retningsliner på punkt som er omtala i retningslinene frå departementet. Telemark fylkeskommune har vedtekne retningsliner som er i tråd med dei statlege føringane.

Saka blir lagd fram for fylkeskommunalt eldreråd, fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetjing og Telemark ungdomsråd til uttale. Hovudutvalet for kultur, reiseliv og frivilligheit fattar endeleg vedtak i saka.

Saksopplysningar

I statsråd 07.05.2026 vart overskotet til Norsk Tipping AS for 2025 fordelt.

Det vart vedteke å løyve 89 500 000 kroner til *Desentralisert ordning for tilskot til kulturarenaer*. Same beløp blei løyva i 2025. Dermed er det inga auke til ordninga i 2026.

Departementet melder i ei e-post sendt Telemark fylkeskommune torsdag 7. mai 2026, at beløpet som tildelast Telemark fylkeskommune i 2026 vil bli om lag det same som i 2025, og at tilskottsbrevet med det eksakte beløpet fyst vil bli kjend og send fylkeskommunane i veke 20. Fylkesdirektør har derfor lagt tildelt beløp i 2025 til grunn, og fordela 4 001 000 kroner.

Regjeringa har som mål å redusere skilnadene i samfunnet og å gi alle like moglegheiter til deltaking i det lokale og regionale kulturlivet. Spelemidlar til kulturarenaer er eit verkemiddel for utvikling av gode kunst- og kulturarenaer i kommunane. Bygningar, utescener, ombygging og nybygg som får tilskot, skal ha som mål å fungere godt som kulturelle møtestader for alle grupper i samfunnet.

Ved fristen 15. januar 2026 vart det mottatt og handsama tjueseks søknader til ordninga i Telemark. Søknadene kjem frå ni av fylkets sytten kommunar. Desse søker samla om 39 468 801 kroner. 12 søknader frå søknadsåret 2025 er søkt på nytt i 2026. 11 av søknadene er knytte til Besøkssenter Verdsarv i Hydroparken på Notodden.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Fylkeskommunen har ikkje sett av eigne midlar til ordninga, og dei tilgjengelege midlane er statlege. Søkarane nyttar Kulturdepartementet sin elektroniske søknadsportal.

Forvaltningslova gir søkerar av spelemidlar, mellom anna til kulturarenaer, rett til å klage på vedtak som er fatta av fylkeskommunen, jf. forvaltningslova § 28 andre og tredje ledd. Dette blir opplyst i tilskots- og avslagsbrev som blir sende ut i etterkant av hovudutvalet sitt vedtak. Kulturdepartementet er klageinstans for vedtak fatta av fylkeskommunen i saker som gjeld søknader om tilskot av spelemidlar.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs berekraftsmål

Tilskotsordninga vil vere med på å bidra til å nå mål innanfor FNs berekraftsmål.

Særleg berekraftsmåla:

- 3 *God helse og livskvalitet*
- 10 *Mindre ulikskap*
- 11 *Berekraftige byar og lokalsamfunn*

Ved å støtte tilrettelegging for kulturarenaer bidreg midlane mellom anna til trygge, inkluderande og tilgjengelege kulturarenaer for alle, i tråd med strategi for kultur og reiseliv, 2026-2029 – *det som gjer oss til oss* sitt mål: *bidra til at både innbyggjarar og besøkjande har tilgang til gode møteplassar og friområde i heile fylket*. I tillegg bidreg midlane til kulturarenaer som gir geografisk spreing av tilbod.

Fylkesdirektørens vurdering

Kulturarenaer er viktige sosiale møteplassar i lokalsamfunna. Dei lokale og regionale kulturarenaene er sentrale møteplassar for det frivillige organisasjonslivet. Gode lokale der folk

bur, for å utøve og oppleve kunst og kultur, samt tilbud om kurs og kulturhendingar, er med på å motverke utanforskap.

I år, som dei føregåande åra, er det stor skilnad i kroner mellom tildeling frå departementet og samla søknadssum. Ordninga har over tid hatt stor betydning og er ei god hjelp som ei av fleire finansieringar for eit mangfald av kulturarenaer, både private og kommunale, rundt om i fylket. Fylkesdirektøren legg fylkeskommunen si rolle som regional utviklingsaktør til grunn i saksbehandlinga. Det gjenspeilar seg også i årets framlegg til fordeling av midlane. Det blir lagt stor vekt på at denne rolla mellom anna blir utøvd gjennom kunnskapsutveksling og kompetansebygging. Fylkeskommunen sin kulturstrategi og mål om Inkluderande Telemark i strategi for kultur og reiseliv – *det som gjer oss til oss* er tillagt stor vekt i saksbehandlinga.

MÅL Inkluderande Telemark

- leggje til rette for at alle innbyggjarar har moglegheit til å skape, utøve og oppleve eit variert kulturliv i heile fylket
- motverke barrierar som hindrar deltaking i kultur og reiseliv
- bidra til at både innbyggjarar og besøkande har tilgang til gode møteplassar i heile fylket

Som ein del av saksbehandlinga har det vore møte, synfaringar og god dialog med søkerar i organisasjonar og kommunar. Kulturarenaer, både små og store, etablerte kommunale kulturhus og museum i vårt fylket har behov for modernisering og tilpassing. Særleg innan universell utforming, akustikk og ENØK-tiltak som LED-lys og varmepumper, garderober og toalett er behovet stort.

Spelemidlar til kulturarenaer frå overskotet til Norsk Tipping kunne med fordel vore tredobla. Bygging av nye og utbetring av eldre kulturarenaer har same kostnadsnivå for materialar, utstyr, handverkarar og prosjektering som innan bygnader og ulike baner i idretten. Årets framlegg til tildeling av midlar til kulturarenaer er vurdert ut frå omsynet til barn og unge, mangfald, geografi og tilgjenge for alle.

I årets forslag til fordeling av midlane har fylkesdirektøren kome opp med to alternativ, *Alternativ A* og *Alternativ B*. Dei vedlagte oversiktane i tabellform med vurderingar viser det samansette i saka når behova er mange og midlane er få. Fylkesrådmannen tilrår likevel *Alternativ A*. Grunna mangel på endeleg ramme frå departementet, ber fylkesdirektør om fullmakt til å justere tildelinga når ramma kjem i tråd med vedtak frå hovudutvalet.

Alle innkomne søknader vert godkjende og dei som ikkje ligg inne i årets forslag til fordeling i 2026, oppmoda fylkesrådmannen dei å søkje på nytt ved neste søknadsrunde, då alle søknader blir vurderte likt kvart år.

Vedlegg:

Forslag til fordeling av spillemidler til kulturarenaer 2026 med Alternativ A og Alternativ B
Retningslinjer for tildeling av spillemidler til kulturarenaer vedtatt i 2025
Uttale frå Vestfold og Telemark Kulturnettverk 2026